

MORENEN I SKÅNEVIK

I SKÅNEVIK er det merke etter iskanten som rykte fram i den tusen år lange kuldebolken (yngre dryas) som avslutta istida for om lag 11 500 år sidan. Breen gjekk først ut Åkraffjorden og rundt Vannes og sende så ein arm inn mot Skånevik. Her la breen att ein endemorene opp mot fjellsida.

For 13 000 år sidan endra klimaet seg frå forhold nesten som i dag til 4–5 grader kaldare nokre hundre år seinare. Breane la på seg, særleg i fjella i midtre strøk av Hordaland, der det meste av snøen kom. Brearmane strøymde ut dalane og fjordane. I Etne er det terrassane og moreneryggene på Austreim og Grindeim som tydelegast fortel om forholda på slutten av istida (①242). Då breen nådde inn til nabobygda Skånevik, stakk Prestafjellet opp over han. Det hadde vore eit imponerande syn om vi kunne ha sett brekanten runda dette fjellet. I den bratte nordskrånninga, mellom Prestafjellet og Håfjellet lenger aust, ramla det ned mykje frostforvittra stein. Breen frakta dei med seg, i tillegg til stein som han sjølv reiv laus, rundt fjellet og inn til moreneryggen i Skånevik. Heile området som no er Skånevik sentrum, var enten gøymt under breen eller låg under havflata, som då var 83 meter høgare enn i dag.


Moreneryggen i Skånevik er finast mellom Miljaelva og Valdraelva, der det òg veks ein om lag hundre år gammal planteskog av bøk. Bekkene har skore seg gjennom ryggen, som er opptil 10 meter høg og 35 meter brei på det meste. Vestanfor Tjedla kan ein følgja ryggen, vel ein kilometer, nesten heilt ned til Leiknesvika. Her er den



Den flate terrassen på moreneryggen på garden Tjedla viser kor høgt havet stod på slutten av den siste istida. (Inge Aarseth)

naturlege forma noko øydelagd ved at ryggen delvis er planert ved oppdyrking. Men noko av planeringa gjorde naturen sjølv ved at havet kom til då isen smelta tilbake. Like vest for Tjedla finn vi i 83 meters høgd ei flate som bølgjene jamna ut i stranda for 11 500 år sidan.

På andre sida av Skånevikfjorden nådde brekanten Ølfernes. Tvers over fjorden frå Skånevik til Ølfernes skuva breen saman ein 50 meter høg morenerygg. På botnen framfor ryggen vart det avsett 150 meter tjukke lag av leire som breelva hadde ført med seg.



Kart over isbreen i Skånevik for 11 700 år sidan. (Karl Anundsen/Inge Aarseth/Eva Bjørseth)

MOSEGRODDE TRE MED SJELDSYNT LAV

Gamle tre kan vera så mosegrodde at borken knapt er synleg. Blant mosen veks det mange ulike artar lav. Somme av lavartane er store og lette å sjå, andre er knapt synlege. Mange lav og mosar set spesielle krav og veks nesten berre på treslag med næringsrik bork, som alm og ask. Dei veks nesten ikkje på tre med fattig bork. Bjørk og furu høyrer til dei.

I nordvendte lier ytst i Åkraffjorden finst ein spesiell lavflora på dei mange styvingstrea. To av artane kan berre sjåast i mikroskop og er funne ber som den einaste staden i heile Skandinavia. I tillegg finst fleire sjeldne artar av binnelav, som òg er kjende frå einiske andre stader i Sunnhordland. Den særteigne lavfloraen med mange artar synest av fleire grunnar å vera knytt til styvingstre. Trea har gjennom lang tid stått i eit ope kulturlandskap, under betre lysforhold enn i ein tettvaksten skog. Dessutan har styvingstre av alm og ask kunna bli gamle fordi dei har vore bausta og stelte gjennom generasjonar. På gamle, store tre har borken ei meir ujamn overflate enn på unge tre. Den gamle borken er mjukare og har fleire sprekkar der mosar og lav kan finna feste.

Lungenever – eit lav som er vanleg på trestammer av ask, alm og lind langs fjorden innanfor Skånevik. (Jan Rabben)

